



**INNSPEL:** Oddvar Mikkelsen (Fylkesleiar Bondelaget) og Helge Orten (Storingsrepresentant Høyre). Rundt bordet frå venstre: Marianne Synnes (H), Odd Harald Karlsen (Fylkessekretær Høyre), Gunnhild Overvoll (nestleder bondelaget i Møre og Romsdal), Arnar Lyche (organisasjonssjef Møre og Romsdal Bondelag), Elisabeth Røbekk Nørve (Storingsrepresentant Høyre) og Charles Tøsse (gruppeleiar Møre og Romsdal Høgre) FOTO: JOHAN BEHRENTZ

## – Send melding attende

Møre og Romsdal Bondelag meiner at Stortinget bør sende jordbruksmeldinga attende til regjeringa. – Ikkje ein god idé, meiner stortingsrepresentant Helge Orten (H).

Regjeringa si jordbruksmeldinga har vore ute på høyring med frist 19. januar. Bondelaget i Møre og Romsdal orienterer i desse dagar partia på Mørebenken om si meining, og fredag var turen kome til Møre og Romsdal Høgre.

– Vi er livredde for hovudretninga i jordbruksmeldinga, seier fylkesleiar Oddvar Mikkelsen til Sunnmørsposten.

Han og Bondelaget meiner meldinga er eit steg bort frå den norsk landbruksmodellen som er kjent frå 1930-talet med

forhandlingar mellom partar og mellom næringar i staten. I eit fem siders tettskrive notat slaktar dei hovudinnhaldet i meldinga, som dei meiner verkar sentraliserande og svekker jordbruket.

– For negativt, seier stortingsrepresentantane Elisabeth Røbekk Nørve og Helge Orten. Dei er baa opne for alle innspel frå bondelaget, men er ikkje samde i at alt meldinga foreslår er feil. Dei meiner til dømes at det er store skilnader på bøndene sin situasjon både innanfor Møre og Romsdal og frå landsdel til landsdel elles.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag meiner at snittinntekta til bønder på Vestlandet har stått i ro, medan det for landet har vore god auke.

JOHAN BEHRENTZ  
jb@smp.no

7/1-17  
SUNNMØRSPOSTEN